



MELAND KOMMUNE  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

Dato: 25.02.2019

Vår ref.: 2019/1189-2

Saksbehandlar: sigwols

Dykkar ref.: 19/117 - 19/2006

Att. Larissa Dahl

## **Varsel om kulturhistorisk synfaring - Sætre - gnr. 57, bnr. 8 - dispensasjon - oppføring av våningshus - Meland kommune**

Me viser til brev datert 30.01.2019 med søknad om dispensasjon for oppføring av våningshus med tilhøyrande tilkomstveg. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt mynde innan kulturminnevern.

Ut i frå våre arkiv er det ikkje kjente automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innanfor det aktuelle arealet. Men det er registrert ein rekke automatisk freda kulturminne frå bronsealder og jernalder i nærleiken (gravrøyser og gravfelt, Askeladden id. 45471, 55208, 55207, 15804 og 25514). Delar av området har i tillegg topografiske trekk som gjer at det er potensial for nye funn frå steinalder. Det er difor naudsynt med ei synfaring før me kan gje fråsegn til tiltaket. Ved synfaringa vil ein ta stilling til om det er påkravd med ei arkeologisk registrering, jf. kulturminnelova § 3 og 11. Synfaringa vil bli gjort så raskt som råd.

Hordaland fylkeskommune ber om at kommunen ikkje fattar vedtak i saka, før me har gjeve endeleg kulturminnefagleg fråsegn.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*